

Kyrkjjas einskap

Ei historisk-terminologisk oversikt¹

AV JAN OVE ULSTEIN

Innleiing

1. Arbeidet med å skape einskap i kyrkja og einskap mellom kyrkjene er svært mangesidig. Det dreier seg om samansette storleikar. Det svarar til at læra om kyrkja omfatter alt frå grunnleggjande teologi til praktiske ordningar, frå det som ikkje er av denne verda til det som er variabelt i denne verda. Noko dogme om den ufeilande kyrkja har luthersk teologi heller aldri lært. Synda kan ytre seg både i ein tendens til å blande sanning og lygn og i å vilje spalte det som Gud har bunde saman. Begge deler er det høve til å observere i økumenikken.

2. I dette arbeidet skal vi konsentrere oss om korleis ein i den økumeniske rørsle har prøvd å samle si målsetjing omkring visse stikkord der ein på same tid grunngrir arbeidet teologisk og rettar seg inn mot ein praksis som skal realisere målsetjinga. Vi vil konsentrere oss om sentrale stikkord som har vore særleg aktuelle det siste tiåret, men tek også med ei kort og elementær forhistorie. Vi held oss til hovudliner i økumenikken slik dei kjem fram særleg i samband med Kirkenes Verdensråd (KV). Når vi nermar oss dei mest aktuelle spørsmåla, vil vi samanlikne med tenkjinga m.a. innan Det lutherske verdsforbundet (LVF). Vi vil stort sett avgrense oss til meir offisielle dokument for å gi eit bilete som er representativt. Då vi ikkje berre er interessert i terminologi, vil vi også prøve å få fram kva *totalopffatting* terminologien kviler i.

Organisk einskap. Katolisitet

3. Ved skipinga av KV i *Amsterdam 1948* tala ein elementært om kyrkjjas einskap. Ein brukte eit uttrykk som har vorte ståande: kyrkjjas einskap er både ei *gåve* og ei *oppgåve*. Den nytestamentlege forestillinga om kyrkja som Kristis lekam knyter ein til. Då er einskapen gitt i Kristus, og klar. *Denne* einskapen er det ei oppgåve å gi

uttrykk i denne verda. Dette skal den økumeniske rørsle vere med på å arbeida fram saman med dei deltakande *kyrkjene*.²

4. Amsterdam sette også grenser for KV's eigen sjølf forståing. KV avstår frå å bli kyrkje og altså eit utvetydig uttrykk for kyrkjas einskap, heller ingen sentralisert administrativ autoritet. Dette var det behov for å understreke endå sterkare på det første sentralstyremøte i *Toronto 1950*. I KV råder ikkje sann kyrkjeleg einskap. Når punkt 4 i Toronto-erklæringa ikkje krev gjensidig anerkjenning medlemskyrkjene i mellom som sanne Jesu Kristi kyrkjer, så skulle dette i prinsippet vere klart.³

5. Generalforsamlinga i *Evanston 1954* førde lite nytt til dette. Der var ein oppteken av den kristne vona, og sette fylgjeleg einskapsspørsmålet i forhold til den. Einskapskapen blir fullkomen og openberr ved målet for pilgrimsgangen. «Vår enhet i Kristus er noe grunnleggende i selve virkelighetens struktur. Den er det mål som all historie og all skapning beveger seg mot. I det vi jager mot målet, er vi ett.»⁴

6. *New Dehli 1961* var grunnleggande. Der er mykje teologisk arbeid gjort. Ein kompletterer basis-paragrafen med tilvising til Skrifta og Treeininga, og presiserer at den eine trua er den *apostoliske* trua. Dette inneber ei klarare definerings av arbeidsfelleskapet i KV. Viktigaste frukt av arbeidet i New Dehli er *einskapsformelen*⁵ som på same tid definerer einskapen strengt teologisk og dessutan konkretiserer kva det vil seie for dei som er døypte og bor på den same staden. Det er dette som har vorte kalla «organic union» — utan å redusere einskap til organisering.

7. I *Uppsala 1968* vart einskapsspørsmål drøfta i seksjon 1: «Den Heilage Ande og kyrkjas katolisitet».⁶ Det heiter m.a. i rapporten (pkt. 6) at Kristi mål er å føre saman i «*en organisk og levende enhet*». Den består ikkje berre i ytre einskap, men «en dypere indre dimensjon, som også uttrykkes ved betegnelsen «katolisitet»». Denne indre einskapen er samansett av to faktorar: nåde og audmjuk innsats, dvs. gåve og oppgåve. Vi råkar med andre ord på den same todelinga som i Amsterdam og New Dehli, men no med omgrepet «*Katolisitet*» som hatt (pkt. 7 og 9). Den motsette tilstand er all slags egoisme og partikularisme. «Katolisitet vil si at kirken gir uttrykk for livet i Kristus i dets fylde, integritet og totalitet» (pkt. 7).

8. Så kjem noko nytt til. Til omgrepet katolisitet blir det nær sagt knytt ein dynamo. Ein talar om ei dobbel rørsle som er grunnleggande for ein *dynamisk katolisitet*. Den heilage allmenne kyrkja er både *kalla ut av verda og sendt til verda* (pkt. 12) med gudstenesta som det konstituerande sentrum. Ein er vidare open for at mangfaldet kan bli *demonisk* dersom det forstyrrar denne dobbelte rørsle. I den kan ein seie at «Ånden leder framover på vegen mot en hel og full katolsk sendelse og tjeneste» (pkt. 13). Målsetjinga kan bli uttrykt slik i konsentrert form: «Vi må bli ved å søke alle kristnes enhet: i en felles be-kjennelse av troen, i vår praktisering av dåp og nattverd og i aner-kjennelse av et embete for hele kirken.»

9. Tankegangen blir så vidareført ved hjelp av ein terminologi som får meir å seie enn katolositetsomgrepe seinare: ein talar om ei universell, økumenisk og *konsiliær form* for felles liv (pkt. 15). Ein vil arbeide for ei tid då «et ekte *universelt konsil* igjen kan tale på vegne av alle kristne og føre an inn i fremtiden». I Uppsala blir «konsil/konsiliært» eit teikn på at kyrkjias katolisitet har funne syn-leg uttrykk. Ein kan også oppfatte det som yttersida av den «dypere, indre dimensjon» som er den dynamiske katolisitet. Konsiliaritets-omgrepet er ikkje særleg utvikla i høve til det ein ser seinare. Mange av dei tankane som er nemnde under katolisitetsomgrepet blir då dregne inn i definisjonen av konsiliært fellesskap.

10. Prøver ein å karakterisere tenkjinga i Uppsala, så slår det ein i augene at ho er prega av ein utviklingstankegang av dialektisk karakter, ein dialektikk mellom kalling og sending som fører fram mot målet. Det er ein måte å fasthalde ei spenning på samtidig som ein vender seg framover mot eit mål. — Ein bør sjeldan gløyme årstala for slike møte, og også ha i mente kva straumdrag av politisk, ideologisk og teologisk art som på den tid var mest framherskande — utan at ein dermed å bortforklare alt av teologi til sekundære utslag av moteretningar. Det er teologi i rame.

Konsiliært fellesskap

11. Etter Uppsala har ein innan KV (særleg Faith and Order) fore-trekt uttrykket «konsiliært fellesskap» som samlenemnar for arbeidet med kyrkjeleg einskap. Men termen er ikkje innlysande klar. Heller ikkje er bruken av han eintydig. For å klargjere termen og bruken av den vart ei *tysk studiegruppe* nedsett. Arbeidet deira er

trykt i Study Encounter 2/1974.⁷ Det er truleg utarbeidd før Salamanca-konferansen i 1973. Vi vil referere nokre trekk frå dette dokumentet trass i at det ikkje har nokon offisiell status. Som studiedokument skulle det likevel vere nær det representative i dette tilfelle.

12. Ein viser tilbake til Uppsala. Men i sentrum for interessa er spørsmålet om korleis eit konsiliært liv kan bli mogleg i framtida, slik Lukas Vischer formulerte det etter FaOs møte i Louvain 1971: «What structures are needed for the fellowship in which the churches are to be united in the future?»⁸ I dette vil der vere ei spenning mellom det lokale og det universelle som det gjeld om å balansere. Ein vil unngå sentraliserte autoritære strukturar og likevel framstå som eit fellesskap av lokale kyrkjer som er *ei* universell kyrkje.

13. Konsiliaritetsomgrepet er *svært* samansett. Først må ein presisere at ikkje ei kvar representativ forsamling er konsiliær i den tydinga ein her legg seg etter. Dei kyrkjelege konsila har tre karakteristika i tillegg: 1. frelseshistoria er den gitte horisont, 2. etablerer normer innan den teologiske tradisjonen, og 3. har på fundamental vis sine røter i heile folket (s.3).

Men ein må heller ikkje sjå på fenomenet konsiliaritet som isolerte historiske hendingar. Like mykje er det eit uttrykk for kyrkjas natur som fellesskap der ho har ein «konsiliær dimensjon», forespegla i den gamle pakt som «primal conciliarity», med eit framhald i kyrkja som ein kan kalle «general or potential conciliarity». som kan bli «particular or actual conciliarity» i konkrete konsil. Framfor slike konsil går ein «konsiliær prosess». Alle desse førebuaende prosessane kulminerer i ei «definitiv avgjerd» på vegne av fellesskapet når slike trengst. Ein kan ikkje skilje konsiliær prosess og *akt* fra kvarandre. Men dei kan heller ikkje skiljast frå det som då må fylgje, «mottakingsprosessen» (reception). Medan «general» og «particular» er den første og andre dimensjonen i «conciliarity», kan «reception» kallast den tredje, jfr. dei tre karakteristika ovanfor.⁹ Ein bør sjå på heilskapen i denne tankemodellen. Det synest klart at utan ein føregåande prosess og etterfylgjande reell mottaking i kyrkjene, så er vedtak på konsil ikkje gyldige. Då er dei ikkje «katolske».¹⁰

14. *Salamanca-konferansen* om Concepts of Unity and Models of Union» i 1973 viser at desse problemstillingane og tilnermingsmåtene var vanlege i økumenikken på den tid. Konferanse-rapporten¹¹

er svært oppteiken av kva *prosess* som fører fram til einskap, og korleis denne einskapen skal finne *uttrykk*. Ein gjer først opp status og rissar opp *konteksten*. Så er ein programatisk kyrkjas einskap i perspektivet «Guds formål med verda». Einskapen er gitt, men historisk og eskatologisk framtrer einskap mellom kyrkjene som «sakrament», «teikn» og instrument. Kyrkja har del i Kristi mysterium i frambrøtet av Guds rike, derfor reflekterer kyrkja Guds meining og mål med alle folk ved at skisma blir overvunne.¹²

15. Rapporten stiller fram ein visjon om kyrkja som konsiliært fellesskap som svar på spørsmålet om korleis dette teiknet skal sjå ut.¹³ «The one church is to be envisioned as a conciliar fellowship of local churches which are themselves truly united». Det er tanken at kvar «lokalkyrkje» eig fylde av katolisiteten, med tilvising til New Dehli. Ein samstemmer med den vesttyske studiegruppa og Uppsala ved å rekne med samlingar i konsil som aktuelt berre ved særskilde høve. Heller ikkje generalforsamlingane i KV er konsil, men dei er oppretta med tanke på å fremje denne prosessen, og kan derfor kallast før-konsiliære. Det same blir seinare teke opp att i Nairobi.¹⁴ Eit universelt konsil ville elles vere eit naturleg uttrykk for *kommunion* mellom kyrkjene (jfr. «sakrament»), men like mykje treng ein til ein *regulær* konsiliær praksis for at ikkje legitime skilnader skal utarte til skisma.

16. Eit konsiliært fellesskap forutset at ein har oppnådd ein del: 1. Kyrkjene må anerkjenne kvarandre som vedkjennande den *same trua*. Tidlegare fordømingar må gjerast om inkje. 2. Utan *nattverd fellesskap* er det ikkje oppnått. 3. Representative samlingar. 4. Nokon må *artikulere* den felless trua, og fatte *avgjerder* av læremessig og juridisk karakter på ulike nivå. Det er altså eit spørsmål om autoritet. Men autoriteten kviler i forsamlinga som heilskap. Derfor må slike avgjerder alltid *mottakast*. 5. Fellesskapet må vere vedkjennande i felles vitnemål og teneste i forhold til samanhengen og samtida — også når det er kontroversielt.

17. Dokumentet gir eit mykje breidare målsetjing enn det ein tidlegare har lagt i konsiltanken. Dette er ikkje byråkratisk tenkt. Ein forutset samtidig at initiativet må kome frå kyrkjene sjølv¹⁵ ved at dei aktivt tek opp utfordringane i samtida. Kanskje dukkar det då opp ein felles forståingshorisont på alle nivå. Ved å ta på seg økumenisk sjøldisiplin kan kyrkjene bli «unitable».

Desse lokale kyrkjene ein talar om som initiativtakarar er definert

som «primely the eucharistic community in a given place or context.»¹⁶

Ein framheva tanke i dokumentet går ut på at einskapen må finne sakssvarande uttrykk på alle nivå, og at der må vere kommunikasjon mellom nivåa. I grunnen er einskapen den same på alle nivå, det gjeld å spørje kva som er presist på kvart av dei.¹⁷

18. Den konfesjonelle identitet reknar ein med vil endre seg på vegen til einskap. Kyrkja er ein levande historisk tradisjon og fri til å vitne og artikulere seg i forhold til dei vilkår og krav ein ny historisk situasjon stiller. Det er derfor ingen farbar veg å nærme seg eitt av dei partikulære uttrykk (*del* av eit heile) ein har i konfesjonane, eller til eit felles multiplum av eit kompromiss, men uttrykke ein levande tradisjon i notida. «In this process, historical traditions will at the same time be tested, renewed, transcended in the catholicity and the unity of the church.»¹⁸

Det er verd å merke seg at ein i møtet med samtida tenkjer seg at det framstår ein heilt ny identitet som ein felles horisont for kyrkjene, og at denne samtidig er ei vidareføring av ein «genuin tradisjon» (evangeliet) i ei ny tid. Denne er også vidare enn det læremessige. Det ser vi også av korleis ein tenkjer omkring *consensus* (agreed statement on doctrine). Det er ein verdifull del av den prosess som fører fram mot «a general ecumenic council». Ein har behov for å formulere seg i ord så ein kan registrere den del-semje som har funne stad, for så å gå vidare. Men det har berre ei avgrensa betydning fordi *consensus* er verbal og teoretisk.¹⁹

19. Tenkjinga er det ein kallar «wholistic», ein tenkjer utifrå heilskapen. Dei ulike skikt eller nivå er tenkt samordna ved kommunikasjon mellom nivåa. Dei enkelte delene er derfor ikkje isolerte, men er deler i ein større prosess, som driv fram mot eit felles mål. *Omgrepet* konsiliært fellesskap startar på toppen med definisjon av eit universelt konsil, men held fram med å interessere seg for dei vilkår som må vere til stades for at det skal kunne skje, og kva *prosess* som fører fram til den tilstanden. *Rørsle* framimot dette må starte i «lokalkyrkjene».

20. Det seier seg sjøl at i ein slik modell må svært mykje harmoniserast og integrerast. Det universelle konsilet er i røynda eit synleg teikn på den heilskap og einskap som då er nådd. Dette må etter vår tolking føre til visse dialektiske spenningsforhold som går mellom del og heilskap, partikulært — universelt. I forhold til heilskapen i

horisonten vil *konfesjonane* framstå som *delar som manglar noko*, medan konsilet naturleg nok uttrykkjer ein *felles* konfesjon. Når det gjeld spenninga mellom universelt og *lokalt*, derimot, så synest vekt å ligge noko annaleis. Lokalkyrkjene er ikkje først og fremst *ein del* som *manglar noko*. I den samanhengen heiter det heller at dei *har del i* katolisitetens fylde, på ein måte eit uttrykk for den universelle eine kyrkje på «lokalnivået», og det er noko anna. Den gjensidige spenninga vil alltid bestå, sjøl etter at konfesjonane har gått opp i ei høgre eining. Når det så gjeld det læremessige, må også det bli «ein del» — utan å bli overflødig som eit resultat av prosessen. Vi oppfattar det slik at det dreier seg om *ein dimensjon* med heilskapen, *ein* måte å nerme seg på og definere den eine sanne kyrkje.

21. Nokre sitat er opplysende for korleis *KVs generalforsamling i Nairobi 1975* stilte seg til desse spørsmåla (handsama i seksjon 2). Her blir igjen uttrykket «konsiliært fellesskap» føretrakt. Men ein er snar til å understreke at ein ikkje meiner noko anna med det enn «katolisitet» i Uppsala og einskapsvisjonen frå New Dehli. Ein viser også til Salamanca. «Konsiliaritet uttrykker denne indre enhet av kirker som er atskilt ved avstand, kultur og tid, og fra tid til annen søker gjennom råd av representanter for alle lokale kirker på alle geografiske plan å uttrykke sin enhet på en synlig måte i et felles møte.»²⁰

22. Også i denne dokumentet slår ein opp eit breidt lerret med plass til eit nær sagt yrande mangfald. Ein vil utdjupe biletet av den organiske einskapen New Dehli skildrar. Når ein skal seie kva som manglar før denne konsiliære tilstanden er ein realitet, så grip ein tilbake til ei konsentrert utsegn frå New Dehli: «de er ennå ikkje forenet ved en felles forståelse av den apostoliske tro, ved et felles presteskap og en felles nattverd.»²¹

23. Med dette dokumentet plasserer Nairobi seg inn i denne ferske terminologi i økumenikken med dei tankebaner det fører med seg. Som tidlegare er ein på vakt mot eit monolittisk mønster. Tanken går fort i den retning når ein nemner eit universelt konsil som modell og mål. Ein er som før ute etter eit forpliktande organisk fellesskap av kyrkjer som sjøl er sant foreina. Dette *krev* ein endringsprosess. Derfor seier ein klart ifrå at «Organisk enhet mellom ulike konfesjoner for å forme et hele, betyr virkelig en slags død som truer medlemmenes konfesjonelle identitet, men den dør for å få et mer fullstendig liv. Dette er bokstavelig talt sakens kjerne.»²²

24. I dei føregåande konsultasjonane og rapportane har ein gått ganske utførleg inn på kva *konsiliært* som kjenneteikn på kyrkjeleg fellesskap inneber. Det tek til å teikne seg eit forholdsvis eintydig bilete, endå detaljane og omfanget varierer. Det endrar likevel ikkje biletet i hovedsak, heller ikkje om vekta blir lagd på ulike stader, for totaloppfattinga er ein typisk integrasjonsmodell der ein forutset at reelle motsetningar må arbeidast fram til forsoning innan eit forpliktande fellesskap. Læremessig likesæle kan ein heller ikkje skulde modellen for å legge op til, også det er ein integrert del av livsprosessen. Her er fleire stader, i klar tekst i Uppsala, sagt frå om at ikkje alle former for mangfald er legitime, skilnadene kan bli «demoniske». Innanfor visse grenser vil ein *tillate* usemje om kvar vekta skal leggest. Innfallsvinkelen er læra om kyrkja med *felleskap* som interesse, ikkje dogmatisk med *sanning* som orienteringspunkt — utan at det siste er ekskludert.

Samanfattande kan vi seie at konsiliaritetsomgrepet etterkvart har fokusert kva som kan gjere eit universelt konsil *mogleg*, kva *kvalitet* det krev, kva som må vere rydda av vegen kyrkjene imellom, kva ein må ha positivt felles, at det forhold ein er ute etter *mellom* kyrkjene også må råde *innan* kyrkjene, kort sagt eit organisk forpliktande fellesskap av kyrkjer som sjøl er sant foreina.

25. Kva legg ein så i det hyppig brukte uttrykket «lokal kyrkje»? Kva er det i forhold til uttrykket frå New Dehli «på kvar stad» (in each place)? Desse storleikane er ikkje godt definerte, og det gjer seg gjeldande ulike oppfatningar innan konfesjonane om kva termen dekkjer. For å klargjere spørsmålsstillingar som desse vart ei mindre konferanse samankalla i Genève i desember 1976 av KV.²³

26. Uttrykket «local church» har ikkje berre ulikt meiningsinnhald i dei ulike kyrkjesamfunna. Det er også vanskeleg å omsette språkleg og uklart sosiologisk sett. «Local» og «place» er ikkje reine sosiologiske omgrep, og går ikkje berre på geografisk område. I tillegg er det vanskelig å bestemme «lokaltilknytning» i eit moderne samfunn. Refererer det til arbeidsstad eller bustad? Med ope auge for dei sosiologiske nyansane nerma konferansen seg likevel teologisk til temaet. Ein slår fast at kyrkja alltid er «lokal» i triviell sosiologisk forstand, omringa som ho er av ein bestemt stad, kontekst og situasjon. Denne tilknytninga er for kyrkja misjonierende.²⁴ Fordi «stad» har like mykje med *tid* å gjere, så vil kyrkjas vikår endre seg med samfunnsforholda. Av den grunn må kyrkja konstant øve

sjølkritikk for at hennar måte å vere nærverande på kan skje i pakt med hennar sending. Dette inneber at det ganske naturleg vil utvikle seg nye former for «local churches» som effektive uttrykk for Kristi nærvær. Noverande forhold er alltid provisorisk.²⁵

27. Det er ulik forståing av «local church» som heng saman med ulike kyrkjesyn. Der er skilnad på ei folkekyrkje og ei medlemskyrkje i defineringa av termen «lokal». Rapporten peiker på visse konsekvensar av skilnadene og held det for utenkjeleg at ein på same staden kan ha ulike forsamlingar av ulike kyrkjesamfunn konsekvent skilde, det strir imot einskapen.²⁶ Kyrkjene må i det minste forstå seg som eitt nattverdfellesskap. Det må kome fram at forsamlingane vil delta i same livsorganisme. Skjer det lokalt, så er det einskapen i heile kyrkja som kjem til syne.²⁷

28. Dette blir modifisert noko. Ein stiller spørsmål om det kan tenkjast ulike nattverdforsamlingar i same område på basis av språk, rase, kultur o.l. Ein er ikkje samd. Men det blir argumentert for at det kan vere hensiktsmessig i visse faser for å rykke fram til visse sektorar av samfunnet. Men då må der finnast fullt høve til nattverdfellesskap på høgre nivå (jfr. norsk debatt om «kategorialmenighet»). Det er klart at slike skilje er ekstra sårbare lokalt. Der kjem også mange menneskelege skiljeliner til. Det er derfor ikkje så overraskande at rapporten også understrekar sterkt at semje i tru og kyrkjestructur er nødvendig. Utan dette vil forsamlingane mangle læremessig profil og vere fellesskap basert på felles kultur og/eller sosial rame. Sanne konsiliære forhold krev ein fast felles basis.²⁸

Skal tru om ikkje læremessig fellesskap nettopp er med på å slå opning i mellommenneskelege murar, og faktisk vere eit godt utgangspunkt for *menneskelig* fellesskap i kyrkja på tvers av desse? Vi vil reise spørsmålet.

Forsona mangfald

29. Sekretærene for *World Confessional Families* laga eit dokument til diskusjonsgrunnlag i Nairobi der dei tek opp ein hanske frå Salamanca.²⁹ WCF er også på sin måte eit økumenisk forum som er engasjert i bilaterale dialogar både lokalt og på verdensplan. Dei definerer seg sjølve slik (1967): «Each WCF consists churches belonging to the same tradition and held together by its common heritage; they are conscious of living in the same universal fellowship and

give to this consciousness at least some structured visible expression.»³⁰ Men måten dette kjem fram på er høgst ulik. Vi kan nesten spørje om det med så ulike kyrkjesyn i det heile er mogleg å få til eit felles utspel. Dei vart likevel utfordra av Salamanca, og er opptekne av spørsmålet om konfesjonell identitet treng vere ei anti-øumenisk brems. Dette svarar dei sjølsagt nei på. Den konfesjonelle identitet er aldri uttrykt heilt fullstendig. Han er gitt av Gud i ein pågåande historisk prosess og vil derfor nødvendigvis endre seg sterkt, og vil dessutan framtre med store historiske og geografiske variasjonar. Dette opnar i staden for å bremse.

30. Som vi ser, så dukkar tanken om ein historisk prosess opp også her. Men dei angrip skilnadene på ein annan måte. Dei ventar kanskje mindre godt ut av ei total omsmelting, og har reservasjonar også. Men konfesjonane held ikkje seg sjølve for å vere eksklusive, det som einar er større enn det som skil.³¹ Eit forsona mangfald vil innebæra at tidlegare tiders fordømingar blir dregne tilbake og avløyst av eit fullt preike- og nattverdfellesskap i felles vitnemål og teneste for verda. Dette er ikkje lite. Men dei forkastar visse uttrykk for øumenisme som er «indifferentism to truth, or denying the legitimacy of particular expressions of the faith.»³² Det viktige for desse er at øumenikk og konfesjon ikkje er motsetningar, men paradoksalta nok er eitt. Når ulikeskapane ikkje er skiljande, så stig det fram ein einskapsvisjon som har karakteren «reconciled diversity». Om eit slikt forsona mangfald finn uttrykk i konsiliært fellesskap og organisk einskap, så er det greitt nok, men ein kan tenkje seg andre modellar.³³ «Forsona mangfald» blir her overskrift. Andre modellar blir vurdert utfrå denne.

31. Det er naturleg at nettopp WCF legg vekt på «consensus statement» utarbeidd av offisielle kommisjonar. Slike må bli mottekne og nå dei lokale situasjonane — så og seie bli inkarnert der.³⁴ Det er på dette punktet spørsmåla til denne modellen set inn. Korleis skal dette skje når ein seier at måla for slike dialogar er ulike?³⁵ Liknande spørsmål stiller også KV, og fleire til.³⁶

32. På *generalforsamlinga i Dar es Salam 1977* gav LVF si tilslutning til høvedsprinsippa i §§ 153 - 55 og § 157 i rapporten frå ei arbeidsgruppe, publisert i *Ecumenical Relations of the Lutheran World Federation*.³⁷ I det fylgjande refererer vi frå den norske utgåva av vedtaka i *generalforsamlinga*.³⁸

Ein ser det som same arbeid å fremje einskap mellom lutherana-

rar og mellom kyrkjene. I det ein viser til ovannemnde dokument frå WCF sluttar ein seg til bruken av omgrepet «forsona mangfald» for dette. Dette kan gjelde også innan eigen konfesjon i overvinning av spaltande mangfald. Sett i forhold til det sentrale i trua kan desse skilnadene misse sin splittande karakter og forsonast i eit bindande økumenisk fellesskap der sjøl dei konfesjonelle elementa kan spele ei positiv rolle. Ein vil altså både ta vare på eit konfesjonelt særpreg og samtidig vere med i eit økumenisk fellesskap.³⁹

33. Sjøl om uttrykket «forsona mangfald» ikkje er avklara i detalj, eller LVFs offisielle syn, så er det ei hjelp til å peike ut vegen. Ein reknar med ein prosess der sin kan omformast, men vekta ligg her meir på *fornyng* så andre konfesjonar kan sjå lutherdomen som ei fyldig form for kristen eksistens og uttrykk for den eine kristne trua.⁴⁰ Ein strekar også under at det ikkje dreier seg berre om sameksistens, men om eit ekte kristent fellesskap.⁴¹ Denne oppfattinga held ein ikkje for å vere så langt borte frå det ein i KV har lagt under «konsiliært fellesskap». Men i det siste tek ein ikkje på alvor at dei konfesjonelle variasjonane kan vere gyldige og vel verde å ta vare på. Om ein kunne gi rom for det mangfaldet ein har i dei konfesjonelle tradisjonane, og la dei ulike kyrkjesamfunna ta vare på desse, ville skilnaden mellom desse to oppfattingane vere borte — i fylgje dette dokumentet.

Nokre merknader

34. Den siste kommentaren om skilnad i oppfatting må seiast å vere langt på veg presis — om då eit slikt kompromiss kan tenkjast utan å endre visjonen om «konsiliært fellesskap» radikalt. Vi lever tydelegvis i ei tid då kommunikasjonen i dei internasjonale økumeniske fora er god. Dei same tankebanene og spørsmålsstillingane dukkar opp gong etter gong. Mykje av det ein vil ha med under dei ulike stikkorda er økumenisk fellesgods. Det er i og for seg naturleg då det gjeld spørsmål på dagsordenen. Det er naturleg også fordi det ligg i saka sin natur. Ein kan stundom lure på om desse ulike omgrepa berre er keisarens nye klær på framsyning i motesentra, men det ville vere å undervurdere orda sin styrande funksjon på tankebane og praksis. Her er utan tvil eit behov for å få eit teologisk grunna bilete som gir visjon for arbeidet. Her må vere eit samsvar mellom teologi

og økumenisk praksis, grunna i kyrkjesyntet, slik at ein ikkje er utan kontakt med tida og realitetane eller motsett er diktert av samtida.

35. Det er i grunnen ikkje overraskande at tanken om den konfesjonelle død ikkje finn god klangbotn hos dei som har som oppgåve å ta vare på konfesjonen på topp-plan. Ein kan seie at dei er bundne i ein *posisjon*, og gi rimelege grunnar for at posisjonen vil binde. Men ein kan også gi rimelege grunnar for at det gjer meir ansvarleg før dei går inn i den konfesjonelle død. Skilnaden i syn mellom KV og WCF (inkludert LVF) lar seg forstå utfrå desse organa sin eigenart og rolle i den økumeniske rørsle. KV vil vere ein utolmodig katalysator i retning «organic union» og «conciliar fellowship», og kan by ein fascinerande visjon for den som tender på det. WCFs har noko som held att i form av læresystem og organisasjonsmønster. Med ei arv i forvaring må dei gå langt saktare framover.

36. For å nå fram til noko som kan sameine *heile* Kristi kyrkje i eit forplikande fellesskap må ein ha eit læregrunnlag felles der ein kan kjenne att den eine trua og der skilnadene som finst er forsona og funne utfyllande, og endra der det trengst. Men så må denne gjensidige anerkjenninga finne uttrykk lokalt. Der må truleg den forplikande einskapen vere meir omfattande og konkret. Dette er i dag på ingen måte avklara. Ein har ein visjon frå New Dehli som står uhyre sterkt teologisk som ei ideal. Men om dette skal realiserast som konsiliært fellesskap eller forsona mangfald, er eit ope og kanskje vel akademisk spørsmål. Ein må då spørje ganske konkret på den stad ein lever om kva dette måtte innebere. Kanskje hastar det ikkje med å svare på spørsmål som er så langt unna si løysing. Men lokalt er nok ikkje forsona mangfald så enkelt som på høgre nivå. Må ikkje det bety *samliv*? Men det ville hjelpe godt med ei glad anerkjenning av kvarandre som sanne Kristi kyrkjer. Det er eit stykke dit.⁴²

Notar

1. Denne artikkelen er skreven på bakgrunn av eit studiearbeid i ei gruppe i Volda under Norsk Teologisk Nemnd. På bakgrunn av del-rapportar frå kvar i gruppa og felles drøfting vart ein rapport forfatta av underskrivne til Nemnda til vårmøtet 1978. Denne artikkelen er ei omarbeiding av nemnde rapport. Med i gruppa var: Kåre Anthun, Ottar Berge, Magne Thorbjørn Hjorthaug, Knut T. Gundersen, Gunnar Skrede og Gunnar Stave.
2. Sjå norske framstillingar, t.d. Den norske kirkes økumeniske engasjement, Oslo 1977, s. 37ff, og P. Voksø: I enhetens tjeneste, Oslo 1967, s. 33ff. Under arbeidet med denne artikkelen har engelseke originalrapportar frå generalforsamlingane vore for hand, men vi siterer og refererer norsk litteratur i den grad det er mogleg.
3. Sjå t.d. Voksø, s. 34.
4. Kristus — verdens håp, Oslo 1954, s. 28. Norsk omsetjing av dokumenta frå Evanston.
5. «Vi tror at den enhet som både er Guds vilje med sin kirke og hans gave til den, blir synlig når alle som bor på samme sted og bekjenner Jesus Kristus som Herre, blir ledet av Den hellige ånd inn i et fullt forpliktende fellesskap, hvor de har den samme apostoliske tro, forkynner det samme evangelium, bryter det ene brød, forenes i felles bønn, og har et felles liv som i vitnesbyrd og tjeneste når ut til alle, samtidig som de er forenet med hele det kristne fellesskap alle steder og alle tider på en slik måte at embete og medlemskap blir akseptert av alle, og slik at alle kan handle og tale sammen, alt etter som omstendighetene krever det for det oppdrag Gud har kalt sin kirke til.» Voksø, s. 40.
6. Norsk utgåve: Utfordringen fra Uppsala, Oslo 1968.
7. Genève 1974. Tittelen er: Councils, councilarity and a genuine universal council.
8. Dette er siteret i innleiinga. Møtet i Louvain var terminologisk også opptatt av katolisitetsomgrepet, sjå t.d. rapporten frå komité II s. 216ff i; Faith and Order. Louvain 1971. Study reports and documents, Genève 1971. På dette FaO-møtet var ein også svært opptatt av studiet av konsilet i Chalcedon. Dette har utan tvil gitt materiale til og gjort konsilmodellen nærverande i dei påfylgjande åra.
9. Alle sitat/uttrykk i hermeteikn ovanfor er frå s. 5.
10. Dette er vår slutning. Vi kan legge til at seinare i dokumentet set ein i realiteten konsiliært fellesskap og katolisitetsomgrepet frå Uppsala på line (s. 17ff.), særleg «dynamisk katolisitet». Det er liten grunn til å skjelne skarpt mellom dei.
11. What king of unity? Genève 1974.
12. Op.cit s. 120 - 21.
13. Op.cit. s. 121ff.
14. Seksjonsrapportane m.m. er offentleggjort på norsk i T.Bakkevig (red.): Kristus frigjør og forener. Oslo 1976, Referansen er til s. 57.
15. jfr. pkt 15 over.
16. What kind of unity, s. 123.
17. Op.cit. s. 125
18. Op.cit. s. 126
19. Op.cit. s. 127.
20. Bekkevig, op.cit. s. 56.
21. Op.cit. s. 57.
22. Op.cit. s. 59.
23. Overskrifta på rapporten er «A fellowship of local churches truly united.» Publikasjonen: In Each Place. Genève 1977.
24. Op.cit. s. 4.
25. Op.cit. s. 5 - 6.
26. Op.cit. s. 10.

27. Op.cit. s. 8 - 9.
28. Op.cit. s. 11.
29. Publisert i WCCexchange 3/2, juli 1977.
30. Op.cit. s. 4.
31. Op.cit. s. 7. «To expect some form of uniform ecumenical Christian theology and culture to emerge in a uniform pattern would be to deny the multiplicity of the gifts of the Spirit... We may expect indeed that the dialogs of the World families with one another will lead to an expression of «reconciled diversity», which acknowledges under the gospel that the things of the faith which unites are greater than those that separate.»
32. Op.cit. s. 8.
33. Op.cit. s. 9.
34. Op.cit. s. 12.
35. Jfr. op.cit. s. 13.
36. WCCexchange 3/1, juli 1977.
37. Genève 1977.
38. I Kristus — ett fellesskap i Ånden 2. Dar es Salaam, Tanzania, juni 1977. Oslo u.å.
39. Op.cit. s. 54.
40. Op.cit. s. 55.
41. Op.cit. s. 56.
42. Sidan denne artikkelen var skriven i første utforming, har FaO hatt møte i Bangalore og teke opp ein del av desse spørsmåla. Materialet derifrå er ikkje drege inn i denne rapporten. Det kan derfor vere grunn til å fylgje opp ved eit seinare høve.